



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 23/3 - deling av tomt til fritidsformål

Vi viser til brev frå kommunen datert 24.02.2021. Saka gjeld søknad om deling av tomt til fritidsformål. Tomta er i dag festetomt nr.1 under gnr. 223 bnr. 3. Det er søkt om frådelling til uendra bruk.

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland godkjende frådelling av parsell til «gjætarhytte» 24.07.1975.

Frådelling av tomt for sauesanking vart godkjent i Lindås bygningsråd 19.08.1975. Kjøpar var Nøtle våg beitelag.

Statsforvaltaren si vurdering

Slik vi forstår saka vart bygget oppført lovleg, til bruk for å sanke sauer. Dette er ikkje same formål som fritidsbustad. Vi meiner difor at kommunen ikkje kan gje frådelling til uendra bruk i denne saka. Slik vi ser det, må det søkjast dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen, og kommunen må vurdere saka etter reglane i plan- og bygningslova § 19-2.

Vi legg til grunn at tomta vil ha same storleik som festetomta i dag og at kommunen vurderer om frådelinga vil vere uheldig for landbruket og friluftsliv i området. Slik vi ser saka no, vil vi ikkje rå ifrå ein dispensasjonen, men vi ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN